



# Årsplan

## Ulveseth barnehage

2024 - 2025



*Ein god barndom er eit mål i seg sjølv  
For ei berekraftig utvikling*

## Innhold

<b>Om barnehagen .....</b>	4
<b>Barnehagen sitt verdigrunnlag .....</b>	5
<b>Rammer .....</b>	6
<b>Kontaktinformasjon til barnehagen .....</b>	7
<b>Planleggingsdagar barnehageåret 2024 - 2025 .....</b>	7
<b>Dagsrytme .....</b>	8
<b>Årshjul / årskalender .....</b>	9
<b>Småbarnsavdeling .....</b>	11
<b>Prosjektarbeid – Hakkebakkeskogen .....</b>	12
<b>Sosial kompetanse .....</b>	13
<b>Språkarbeid i barnehagen .....</b>	15
<b>Tilvenning – Den første tida i barnehagen .....</b>	16
<b>Bursdagsfeiring .....</b>	18
<b>Barn og barndom .....</b>	18
<b>Demokrati .....</b>	19
<b>Mangfold og gjensidig respekt .....</b>	19
<b>Likestilling og likeverd .....</b>	21
<b>Berekraftig utvikling .....</b>	21
<b>Livsmeistring og helse .....</b>	22
<b>Danning .....</b>	24
<b>Trygg i fellesskap .....</b>	25
<b>Omsorg, leik og læring .....</b>	26
<b>Barn si rett til medverknad .....</b>	29
<b>Digital praksis .....</b>	31
<b>De Utrolige Årene .....</b>	32
<b>Den vaksne si rolle .....</b>	34
<b>Dei sju fagområda .....</b>	34
<b>Språk, tekst og kommunikasjon .....</b>	34
<b>Overgang barnehage – skule .....</b>	39
<b>Samarbeid .....</b>	40
<b>Foreldresamarbeid .....</b>	40
<b>Vurderingsarbeid og brukarmedverknad .....</b>	42
<b>Fleirkulturelt arbeid .....</b>	42
<b>Planlegging og dokumentasjon .....</b>	43



Kosthald .....	43
HMS .....	44

## Om barnehagen

Ulveseth barnehage er ein kommunal heildagsbarnehage på vestsida av Øygarden kommune. Barnehagen ligg i lunt skogkledd terreng som vert mykje brukt til turar og ulike aktivitetar. Her får vi kalv og sau på nært hald, finn blomar og naturmateriale. Turområdet blir brukt til både diverse prosjektarbeid, rein naturoppleving og oppdagaferd

Næraste nabo er Ulveset skule, som vi og har eit godt samarbeid med i høve til overgangen barnehage – skule. Vi har gode rutiner (både formelle og uformelle) i samband med å lette overgangen, då dei fleste skulestartarane hos oss blir rekrutert til Ulveset skule; Vi har ein fast overføringssamtale før skulestart som har som mål å tilrettelegge for ein best mogleg skulestart. Vidare har vi etablert nokre praktiske rutiner som de kan lese meir om lenger bak i årsplanen



Barnehagen legg vekt på å skape dei gode opplevingane og dei gode minna saman med barna. Vi jobbar for ei forskande tilnærming på ulike spørsmål og erfaringar barna har; På den måten ser vi at barna utviklar evne til refleksjon og evne til sjølvstende kring det å finne svar på ulike problemstillinger. Inneverande år vil også valet om å arbeide med prosessorientert læring bygge opp under dette

I Ulveseth barnehage skal barna vere trygge, med m.a. gode overgangar – heim – barnehage – skifte av avdeling – skulestart.

Velkommen til oss!



*Kvar vår får vi glede av småfuglar som etablerer seg nær barnehagen*



## Barnehagen sitt verdigrunnlag

Barnehageloven p 1: «*Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og tradisjon. Verdier som kommer til uttrykk i ulike tradisjoner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.*».

Vi har eit stort ansvar i å legge til rette for at barn skal bli godt mottatt, oppleve seg verdifulle og kvar dag kjenne på positiv sosialt samspel med barn og vaksne. Dei skal få gode erfaringar i «evnen til å vere saman med andre». Barnehagen sin visjon:

*I Ulveseth barnehage har vi ein visjon om å skape positive vi-opplevelser gjennom leik, utforskning og undring. Der meistring står i sentrum og barna skal utvikle ei god sjølvkjensle*

### Liten gut fortel

Eg fekk det ordet at eg var tverr og lei og vrang og sky og skjerr  
Eg ikkje anna høyre fekk, og sturen var eg kvar eg gjekk  
Visst er eg vrang og vond og sur og må vera slik dei trur  
Så hende det ein vakker dag at all ting fikk eit anna lag  
I gjennom veggen høyrdie eg at nokon tala godt om meg  
Eg ville ikkje lyde på, men stilde meg så lett på då.

Og høyrdie eg før eg smeit meg ut: «han er så grei og gild den gut»  
Eg kvakk litt til, men var så glad då eg fekk høyra kva dei sa.  
Eg gjøymde meg og sto og gret, men alt ikring vart so ljost og let.  
Og midt i gråten tenkte eg, at når dei trur så godt om meg  
Då skal eg jaman syna dei at eg kan vara god og grei.  
Dei godord gjorde dagen bjart. Å du, kor hjertevarm eg vart

*Jan Magnus Bruheim fra boka «Doggmorgen og andre barnerim»*

## Rammer

Barnehagen vert drevet etter følgjande rammer fastsett i lov om forskrift

- Lov om barnehagar; Kva lovverk vi er regulert under

*Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdets og naturen, på åndsfrifet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som er kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn som er forankret i menneskerettighetene.*

**«Barnehagen skal fremme  
demokrati, mangfold og gjensidig  
respekt, likestilling,  
bærekraftig utvikling»**





## Kontaktinformasjon til barnehagen

Telefonnummer til barnehagen:

Hovudnummer: 55 09 68 76

Her vil de få 4 val:

1. styrar
2. avd Sørstova
3. avd Solstova
4. Øygarden rådhus

Avdeling Sørstova mobil: 908 94 538

Avdeling Solstova mobil: 908 90 843

Styrar, mobil: 988 80 522

**Vigilo** er f.o.m. 15.08.24 (nytt barnehageår) den plattforma foreldre og barnehage skal kommunisere; Der legg de foreldre inn evt fråvær og enkle beskjedar: Personalet sender ut aktuell info. Personalet svarer på evt spm i barnehagen si opningstid. Er det noko som hastar ringer de oss, sensitiv informasjon tar vi direkte i barnehagen eller pr telefon.

Last ned «vigilo foresatt» appen, så er vi i gang ☺

## Planleggingsdagar barnehageåret 2024 - 2025

- Måndag 9 september 2024
- Fredag 1 november 2024
- Fredag 7 februar 2025
- Fredag 2 mai 2025
- Fredag 30 mai 2025

Planleggingsdagane blir i hovudsak nytta til planlegging, kompetanseheving, eksterne og interne kurs. Vi rår dykk til å merke av desse dagane. De vil i tillegg bli minna om dei ulike planleggingsdagane.

## Dagsrytme

Klokkeslett	Aktivitet
07.00	<b>Barnehagen opnar.</b> Vi vektlegg ein roleg start. Felles start med begge avdelingane på midten
8.15 og 8.30	<b>Frukost.</b> Storbarnsavd kl 8.30. Småbarnsavd starter 15 min før. Då erfarer vi at barna får felles matglede og ro rundt frukosten ; « <i>Kva har vi gjort på sidan i går og kva skal denne dagen innehalde?</i> »
09.00 - 11.00	<b>Leik, aktivitet.</b> I løpet av denne tida vil det foregå ulike ting i barnehagen; Leik, prosjektarbeid (ulike tema), turar, dinogruppe for skulestartarane, og samlingar med ulikt innhald, både i stor og lita gruppe. <i>Vi ønsker beskjed dersom barnet ditt kjem seinare enn kl. 9.30 til barnehagen. Dette med omsyn til avtalte turar og aktivitetar.</i>
11.00	Dei minste på småbarnsavdeling et lunsj ca kl 11.00
11.15	Avdeling Sør gjer seg klar til å ete lunsj; Toalettbesøk og handvask. På småbarnsavdelinga vil dei starte førebuing til måltid litt tidlegare, med omsyn til dei som skal sove.
11.00/11.30	Smørelunsj fire dagar i veka og varm lunsj ein dag i veka, det kan veriere, men målet er ein dag i veka. Er det fint ver et vi gjerne lunsj ved borda på uteplassen, eller i skogen bak barnehagen. Nokre gongar et turgruppene maten sin ute og kjem ikkje heim før lunsj.
12.30 - 14.30	Uteleik. Vi nyttar både leikeplassen og områda rundt barnehagen i utetida. Barna skal oppleve glede av å vere ute i all slags ver og vi er avhengig av at dei har høvelege klede tilpassa det veret og den årstida vi er i.
14.30 - 16.30	Barna får servert frukt. Medbrakt matpakke. Frileik / aktivitet ute eller inne til dei vert henta.
Vert barna henta etter 16.30, vil de få ei påminning første gongen om at de blir ekstra fakturert med kr 250,- om det skjer fleire gongar. Er det t.d. større ulykker i trafikken, gjeld ikkje dette. Skulle det skje at barn ikkje blir henta, og vi ikkje oppnår kontakt med foreldre eller andre kontaktpersonar, så vert barnet tatt med til barnevernvakta etter ein time. Vi sjekkar trafikkmild og anna før evt det skjer	

## Årshjul / årskalender

Månad	Tema	Tradisjon
Januar	Prosjekt Hakkebakkeskogen 	Naturen om vinteren
Februar	Prosjekt Hakkeakkeskogen 	Markere samane sin dag, 6 februar Temafest 23 februar
Mars	Prosjekt Hakkebakkeskogen 	Barnehagedagen 11 mars «La leken leve» 
April	<ul style="list-style-type: none"> <li>Naturen om våren</li> <li>Markere Id al fitr 9 april</li> <li>Våren i naturen</li> </ul> 	<ul style="list-style-type: none"> <li>Avtale fadderordning med 4 klasse.</li> <li>4 klasse (3-4 barn) på besøk ca 1,5 timer pr veke fra april til juni (skuleslutt)</li> <li>Påskeførebuing veke 14 og 15 </li> </ul>
Mai	Prosjekt Hakkebakkeskogen  Førebuing til 17 mai 	<ul style="list-style-type: none"> <li>16 mai leikar, og øve-tog med Ulveset skule</li> <li>Koste, rydde, plante og så frø</li> </ul> 
Juni	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tilvenning til ny avdeling</li> <li>Besøk til klasserom og SFO</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sommarfest med konsert / show</li> </ul>
Juli	<ul style="list-style-type: none"> <li>Sommarbarnehage (barnehagen stengt dei to siste vekene i juli)</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Avdelingane er meir eller mindre felles dei to første vekene;</li> </ul>

		Sommaraktivitetar, knyte nye venskapsband
August	<ul style="list-style-type: none"> <li>Nytt barnehageår</li> </ul> 	<ul style="list-style-type: none"> <li>Tilvenning</li> </ul> 
September	<ul style="list-style-type: none"> <li>Oppstart av prosjekt Hakkebakkeskogen</li> </ul> 	<ul style="list-style-type: none"> <li>Brannvernveke i veke 38 (18-22 sept)</li> </ul> 
Oktober	<ul style="list-style-type: none"> <li>Prosjekt Hakkebakkeskogen</li> </ul> 	<ul style="list-style-type: none"> <li>Markere FN-dagen</li> </ul>  Hallovenn 
November	<ul style="list-style-type: none"> <li>Prosjekt Hakkebakkeskogen</li> <li>Diwali 12 november</li> </ul>  	<ul style="list-style-type: none"> <li>Førebuing til desember</li> </ul> 
Desember	<ul style="list-style-type: none"> <li>Advent</li> </ul> <p>Vi venter på jula og vil tilrettelegge for ei fin førjulstid utan</p>	<ul style="list-style-type: none"> <li>Lucia Fredag 13 desember</li> <li>Nissefest</li> <li>Barnehagegudsteneste</li> </ul>  

## Småbarnsavdeling

I år vil det vere til saman 9 barn på småbarnsavdelinga vår. Vi vil bruke god tid ut over hausten til å bygge relasjonar, og gjere dagen oversiktleg og forutsigbar for kvar og ein av barna. Det blir 5 kjente barn og til saman 4 nye. Ingenting hastar, og vi har fokus på å gi trygge rammer og aktivitet i barna sitt tempo. Å begynne i barnehage som liten er den første store overgangen i livet, og vi har som mål å gjere den best mogleg.

Små barn er toddlere (oversett fra engelsk: «dei som stabber og går»). I Noreg er omgrepene tatt i bruk av Gunvor Løkken som skildrer småbarnspedagogikk slik: «Dei yngste barna er sosiale aktører i sine møter med mennesker, og saman skape dei ein leikekultur som er spesifikk for denne aldersgruppa i barnehagen». 1-2 åringen leikar også ved sidan av kvarandre og har stor glede av det. Vi tilrettelegg for begge deler – og vi ser allereie no at dei små begynner å danne vennskap på sitt vis; Er opptatt av kvarandre og finn tryggleik i det å vere saman



I tillegg skal barna oppleve å ha trygge og tilstadeverande vaksne rundt seg, i leik og aktivitet både ute og inne. Vi skal ha rutiner og aktiviteter som som blir gjentatt og skaper tryggleik og forutsigbarhet i kvardagen. Sang, musikk, rim og reglar (språkutvikling og meistring) skal også vere ein viktig del av dagen. Vi gjer små endringar i starten og jobber proaktivt for at barna skal ha gode rammer og gode opplevelingar saman.

Når barnegruppa har etablert ein trygg relasjon til dei vaksne og kvarandre, så vil vi utvide dagsorden og presentere dei for ulike tema, meir turar utanfor barnehagen og aktivitetar tilpassa ulik alder. Når vi kjenner at barnegruppa er etablert og trygg så startar vi opp med prosjekt «Hakkebakkeskogen», som vi har felles med avd Sør. Det blir eit allsidig prosjektarbeid der fagområda i rammeplanen får sin plass på ulikt vis

Med bakgrunn i ulik alder vil vi dei fleste dagane dele barnegruppa i to for å ivareta ulike behov. Barnegruppa vil og bli delt naturleg delar av dagen. No på hausten sov dei fleste i barnehagen, men det endrar seg naturleg etter som året går.

Det er særleg viktig for oss å jobbe for å:

- Ta godt imot kvart barn
- Barnet skal kjenne seg ivaretatt, sett og høyrt. Men det skal også få erfare å ta omsyn til andre, å sjølv bli tatt omsyn til og kjenne på fellesskap, glede og humor.
- Alle skal oppleve meistring kvar dag
- Erfare glede i fellesskap og tryggleik med det som er rundt dei

Vi skal vere var for, og ta omsyn til den historia kvart barn ber med seg.



## Skulestartarane våre – dei som har eitt år igjen til skulestart



Inneverande barnehageår er det berre fire skulestartarar her i barnehagen vår – og dei er kjempeviktige ☺

I gjennom heile barnehagetida blir dei førebudd til skulestart.

I år vil vi i tillegg la dei bli betre kjent med «Trampolineboka», ei bok med konkrete oppgåver som favnar mykje av fagområda i rammeplanen; Tal, rom og form, mengder, sortering og kategorisering. Vi vil ha fokus på fellesskap og meistring

I år som i fjar vel vi vekk dinoskule som system; Men vi tar med oss dei områda vi synes å er viktig å vidareføre, som t.d. dei 5 reglane; Stille hand, lytteøre, hender og føtter for seg sjølv, følgje med og innestemme. Kvifor vi har desse reglane, og forstå hensikten med dei.

Å snakke om eigne og andre sine kjensler vil og vere sentralt; Forstå samanhengar og klare å sette seg sjølv i ein større samanheng

Konfliktløysing og ulike praksisfortellingar engasjerer barna, dei får kome med forslag til løysing, og dei er betre rusta til å handtere vanskelege situasjonar / konfliktar som dei sjølv er ein del av.

## Prosjektarbeid – Hakkebakkeskogen

I år som i fjar har vi valgt oss eit felles prosjektarbeid som begge avdelingane jobber med, både felles aktivitetar, og på kvar si avdeling tilpassa barna sin alder. Hakkebakkeskogen er ei kjent historie for dei fleste, og vi ser at vi lett kan flette inn dei ulike fagområda i denne historia.

Med ulike innfallsvinklar vil vi vere innom tema som vennskap, rettferdig / urettferdig, humor, meistring, song, musikk, rim og regler. I tillegg til empati, konflikthandtering, natur, brannvern, ulike yrker, meistring (trua på å få til) m.m. Koreis avdelingane arbeidar med temaet vil de få ut til informasjon etterkvart

Vi vil ha fokus på prosessorientert læring, der prosessen skal ha større fokus enn resultatet; Barna sine initiativ skal ha stor plass, og alle vil få brukt sine sterke sider, samtidig med at barna får utfordra seg på nye områder

I juni blir det sommarfest, og mykje av det vi har jobba med blir visualisert på ulikt vis denne dagen




## Sosial kompetanse

*«Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra med trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering».*

Barnehageloven §1 Formål, 3. ledd

Sosial kompetanse er grunnmuren i den pedagogiske plattforma i barnehagen. I målet med å vere gode vaksne i denne prosessen nyttar vi mykje av metodane frå barnehageprogrammet «dei utrulege åra» (duå).

Den vaksne som førebilete er særstak sentral i dette arbeidet; Barnet speglar i seg i den vaksne sine auge. Vi har eit særleg ansvar for at barna får eit positivt inntrykk av seg sjølv i denne «spegelen». Vi er og merksam på at barna danner seg eit bilet av andre barn ut i frå korleis dei ser at vaksne reagerer på andre barn sin adferd. Derfor gir både Cos (circle of security) og duå (dei utrulege åra) oss eit godt kompetanseløft i å reagere / agere på ulike typar adferd på ein konstruktiv måte.



Det var ikke særlig klokt sagt, Brum, sa Nasse Nøff.  
"Det var klokt når det var inni hodet mitt, men så skjedde det noe på veien ut"...sa Ole Brumm.

### Sosialt kompetente barn:

- Får lett vene fordi dei tek omsyn til og tek kontakt med andre på ein grei måte.
- Kan sjå og forstå andre sine perspektiv, tankar og kjensle.
- Deltek i leik og finn si rolle
- Finn glede i å glede andre
- Ventar på tur og lyttar til andre
- Inngår kompromiss i konfliktsituasjoner og leik.
- Humor har og ei sentral rolle og ikkje minst i arbeidet med å fremje sosial kompetanse; Å gripe her og no situasjoner, leikande vaksne, sjå barna sin humor og setje pris på at den er sentral.



*Tvert imot det er hundre som finns! (Loris Malaguzzi)*

*Et barn er laget hundre  
Barnet har hundre språk  
Hundre hender  
Hundre tanker  
Hundre måter å tenke på  
Å leke og snakke på*

*Hundre alltid hundre  
Måter å lytte på  
Å undres på og like på  
Hundre lyster til å forundre seg og like  
Hundre lyster til å synge og forstå  
Hundre verdener til å oppdage  
Hundre verdener å finne opp  
Hundre verdener å drømme fram*



## Språkarbeid i barnehagen


Det ligg ei forventning om godt og systematisk språkarbeid i alle barnehagane. Gamle Fjell kommune fekk status som «språkommune» og vi ber med oss ein del av dei metodane vi opparbeida oss der. Øygardene kommune har også no status som språkommune

Godt språkarbeid har stått sentralt i Ulveseth barnehage i veldig mange år. Barn i barnehagealder har i periodar ei enorm språkutvikling. Og er dei i tillegg i eit godt språkmiljø, så vil ordforråd og forståing for ord og omgrep ofte ha ei nesten uforståeleg utvikling. Vi jobber systematisk med rim og regler, sang og musikk, som er gode metoder for å fremje språket. I tillegg blir barna kjent med ulik litteratur; Både i samtaler rundt bildebøker, høgtlesing og temaarbeid. Personalet bruker kunnskap frå tidlegare sol-prosjekt (systematisk oppleving av lesing) og språkløyper for å gjere arbeidet best mogleg. Metodane i språksprell er også ein god referanse i språkarbeidet. Å dra med seg tema frå litteratur til konkrete handlingar der barna får t.d; Les vi om vatn og is om vintaren, så testar vi ut i praksis; Barna får eksperimentere og nytte sansane. Les vi t.d. historie om å bake boller, så kan vi la barna erfare; Realfag, ved å snakke om kva vi treng og måle opp riktig mengde av kvart element. Dei får nytte sansane til å bake (kjenne), lukt av deig og lukt av nysteikt bakverk. Og til slutt; Ikkje minst å smake. Alle sansar blir tatt i bruk, og språklæring og ulike omgrep + ordforråd får gode kår for utvikling.

I tillegg etablerer vi små språkgrupper der barna kan ha nytte av det; Tilpassa enkeltbarn i små eller større grupper.

Dei vaksne skal også ha ei bevisst haldning i måten dei kommuniserer med barna på; Lytte dei ut, vere til stade, vise interesse, vise at ein tar barna på alvor. I barnehagen skal det også vere bilete som visualiserer både leiker/utstyr og aktivitetar. Om barnet avulike grunnar ikkje kan uttrykke seg verbalt i alle samanhengar, så skal alternativ kommunikasjon vere lett tilgjengeleg

*Bruk litteratur, sang og dans og utnytt rytme i instrument og språk. Diskuter og filosofer saman med barna, finn deira interessefelt og presenter barnebøker og faktabøker innanfor temaet. La barna «bade» i ord. Språket er grunnleggande i barnet si evne til å meistre leik og læring. I samarbeid med foreldra ønsker vi å gi barna det aller beste grunnlaget.*





## Tilvenning - Den første tida i barnehagen

Når barnet begynner i barnehagen har de allereie vore ein dag på besök, og de har fått ein del informasjon om barnehagen og korleis det er her hos oss. Første dagen blir barnet tatt i mot av sin primærvaksen som vil følge barnet tett dei første dagane og vekene.

Målet er at barnet skal bli trygg, og der ser vi at den beste metoden er å bli kjent med, og trygg på ein av personale den første tida. På denne måten erfarer vi at tilvenningstida blir lettare, og med omsorg, interesse og tett dialog med foreldra ser vi at vi får bedre kvalitet på tilvenningstida. Barnet blir fortare trygg i barnehagen. Vi er og bevisst metodane frå programmet cos (circle of security); Her følger vi barnet «ut i verda» i barnehagen, lar det prøve seg på eigen hand og er til stade som den trygge basen når barnet ønsker «å komme tilbake».



Å få ein god relasjon til barnet er viktig for at barnet kjenne tryggleik til å komme tilbake til sin primærvaksen. Tida det tar kan variere frå barn til barn, avhengig av alder, personlegdom og den erfaringa det har med seg når det startar i barnehagen.

I løpet av tilvenningstida har vi ein startsamtale, der barnehage og heim utvekslar meir informasjon med mål om å gjøre barnet sitt opphold i barnehagen best mogleg; Historia til barnet så langt, gjensidige forventningar og diverse informasjon. Startsamtalen får de informasjon om før barnehagestart. *Dialog* mellom barnehage og heim er særleg viktig for eit godt samarbeid og best mogleg tryggleik for barnet.

Den beste lengda med tilvenning for kvart einskild barn finn vi ut av i dialog med kvar forelder; Det kan variere frå barn til barn – ein god og trygg start, med tilpassa god nok tilvenningstid etter behov.

Barn har eit ulikt utgangspunkt og ulike behov. Likevel ser vi at tilvenningstida må som eit minimum strekke seg over tre dagar:

- Den første dagen er den foresatte til stade og tida ikkje strekker seg meir enn eit par timer.

- Dag to kjem de i barnehagen etter avtale med barnet sin primærvaksen, gjerne ta del i eit måltid + leik / aktivitet, evt prøve å sove viss det et eit lite barn. Den foresatte kan og forlate barnet, men vere tilgjengeleg og komme tilbake etter avtale, der barnet gjerne berre har hatt ei positiv leiketid og går heim med positive opplevingar om det å vere i barnehagen.
- Dag tre ser vi det er fornuftig at barnet har ein kort dag og foreldre tar seg god tid og er ein del til stade både ved levering og henting. Vi må og følge barna sine ulike behov og ha god dialog i tilvenningstida. Barn som evt er overflytta frå andre barnehagar har erfaring med å forlate mamma og pappa, men må bruke energi på å bli kjent med nye vaksne og barn.

Barn som kjem rett frå permisjonstid med mor / far har veldig mykje nytt å ta inn og kanskje er den som treng mest tid, og at det nokre gongar strekk seg over meir enn tre dagar. God dialog er nøkkelen for å få best mogleg start på ei fin barnehagetid.

I tilvenningstida skal vi og vere ekstra merksam på dei andre små i barnehagen, som kanskje ikkje har vore her meir enn 6-7 månadar. For dei kan det nokre gonger vere ein ny overgang å ikkje vere minst i barnehagen lenger. Vi ser og gevinsten i å involvere dei eldste barna i det å ta i mot nye barn i barnehagen; Vi opplever dei ofte som ein ressurs i relasjonsbygging med dei små; Dei klarer fint å mentalisere korleis det nye barnet har det og veks på å få litt oppgåver i høve til medansvar for at dei nye barna skal ha det best mogleg. Vi er også merksam på kvar tilvenning kan «leve sitt eige liv» med tanke på individuelle behov, og kva type barnegruppe barnet skal bli ein del av.



## Bursdagsfeiring

For barna er det å bli eitt år eldre stor stas. Kor gamle kvar og ein er og blir, er godt synleggjort med tekst og bilete på kvar avdeling. Denne dagen skal ikkje foreldra kjenne på forventing om at dei skal bake og tilrettelegge for feiring i barnehagen. **Barnehagen ønsker å ha ansvar for dette og sørge for at alle barna får ei fin bursdagsmarkering i barnehagen som er forutsigbar (lik for alle), og der barnet sjølv står i sentrum.**



For å ivareta dette markerer vi bursdagen på denne måten:

- Bursdagsbarnet får sete i bursdagsstolen
- Vi lager bursdagskrone
- Barna blir servert smoothie eller fruktfat.
- På stor avd får dei også snurre lykkehjul, som indikerer ein enkel men populær aktivitet. Som såpebobler eller liknande.
- Vi syng bursdagssang og sender opp «raketter» alt etter kor mange år barnet blir.
- Dei andre barna fortel etter tur positive ting / opplevingar om bursdagsbarnet.

I den grad de foreldre vel å invitere barnehagebarn i bursdagsbesøk, så oppfordrar vi til ikkje å plukke ut enkeltbarn frå årskulla, men tenke heile årskull, evt alle jentene eller alle gutane. At berre eitt barn står igjen er vondt for den det gjeld.

## Barn og barndom

### «Ein god barndom er eit mål i seg sjølv»

*«Alle handlinger og avgjørelser som berører barnet, skal ha barnets beste som grunnleggende hensyn, jj. Grunnloven p 104 og barnekonvensjonen art 3 nr.1. Dette er et overordnet prinsipp som gjelder for all barnehagevirksomhet».*

Vi skal anerkjenne og ivareta barndommens egenverdi. Her vil vi trekke fram det å tilrettelegge for frileik som ein viktig del av barnehagedagen. Rammeplanen er og tydeleg på at frileik er noko fundamentalt for barnet si utvikling og at ein får delta i eit slikt fellesskap. Her har barna sjølv regien og kan bearbeide eigne erfaringar både på det emosjonelle, sosiale og praktiske plan. Her lærer dei seg å meistre livet, forhandle og gå inn i ulike roller. Dette gjeld alle aldersgrupper. Når vi ser det er behov, skal den vaksne og vere ei støtte i organiserte leikegrupper; meir om det under tema leik.



Barna skal oppleve at dei har ein eigenverdi i kraft av eg sjølv. Vi skal syne respekt for barna si oppleving av verda og dei ulike livserfaringar dei har med seg. Vidare skal vi hjelpe dei til å takle ulike utfordringar. Det å lytte ut barnet og reflektere rundt ulike problemstillingar i lag, ser vi ofte hjelper barnet til å finne løysing på eigne utfordringar. Vi erfarer at dette er ei styrke for sjølvkjensla og evna til å ha tru på eigne val. Vi skal og hjelpe dei til å erfare og kjenne på kva for spelereglar som gjeld for å vere ein del av ei gruppe. Her er metodane / prinsippa frå duå sentrale. Å coache barna i leik og

bruке skildrande kommentarar erfarer vi er gode metoder for at barna skal finne glede og utvikling i leiken. Å vere ein god leikekamerat.

## Demokrati

*«Gjennom å delta i barnehagens fellesskap skal barna få mulighet til å utvikle forståelse for samfunnet og den verden de er en del av. Barnehagen skal fremme demokrati og være et inkluderende fellesskap der alle får anledning til å ytre seg, bli hørt og delta».* Rammeplanen kap 1.3.

I barnehagen er det mange ting som må vere plass og som dei vaksne bestemmer. Dette gjeld alt frå logistikk, planlegging og utvikling til planar og ansvar for samarbeid. Samtidig erfarer vi at barn si deltaking i «korleis vi vil ha det her i barnehagen» har mykje å seie for barnet si oppleving av si rolle i barnehagen; At barnet har eit ansvar og at det er viktig å ta ansvaret på alvor for at vi skal ha det bra i lag. Barna er aktivt med på å lage reglar i barnehagen; Vi ser då at dei får eit større eigarforhold til dette og at det gir ein positiv effekt.

Vi er og bevisst på å ha ei forskande tilnærming i samtalar med barna; Både i gruppe og ein til ein. Det å bruke si eiga stemme, erfare at det ein seie er viktig, betyr noko i den store samanhengen og er viktig for kvar einskild. Nokon treng mest øving i å bruke stemma si og andre treng kanskje øving i å lytte meir til det andre har å formidle; Oppleve at det er viktig og kanskje noko ein ikkje har tenkt på tidlegare. Måltida våre er gode arenaer for dette. Også tidleg morgen eller sein ettermiddag når det er færre barn på avdelinga. Med dei eldste barna nyttar vi oss og av barnesamtalar (ein til ein) for å få eit nærmare innsyn i deira oppleving av barnehagen. Vi erfarer her at vi mange gongar får kunnskap om barnet sin barnehagekvardag som gjer at vi endrar på diverse aktivitetar eller rutiner for å gi kvar einskild ei bedre oppleving av barnehagen. Vi observerer og kva dei minste barna som enno ikkje har utvikla eit verbalt språk trivast meir eller mindre med. Ut ifrå det kan vi også tilrettelege for ein bedre kvardag med reell påverknad frå barna. I år vil vi og ha enkle barnesamtalar med den mellomste gruppa på stor avdeling.

## Mangfold og gjensidig respekt

*«Barnehagen skal fremme respekt for menneskeverdet ved å synleggjere, verdsette og fremme mangfold og gjensidig respekt. Barna skal få oppleve at det finnes mange måter å tenke, handle og leve på».* Rammeplanen kap 1.4.

Vår erfaring er at barn generelt er nysgjerrig på det som er annleis og ulikt slik dei tenker at det skal vere, eller har erfaring med at det er. Men det som også dei fleste har til felles er at når dei får svar på kvifor det er slik, så slår dei seg til ro med det og synes det spanande, eller ein kan få eit svar som «kult» når dei forstår og ser ting i ein samanheng.

Det som i utgangspunktet ligg oss nærest er ulikskapen vi finn i barnehagen; Ulike familieformer, ulike nasjonalitetar, ulik hudfarge, barn med særlege behov og barn med kunnskap og interesser som skil seg litt frå dei andre sine interesser. I daglege samtalar og i





aktivitet med barna blir ulikskapen synleggjort. På den måten blir og mangfaldet det normale og slik det er.

I samband med FN dagen formidlar vi kunnskap om andre barn i andre delar av verda. I dette arbeidet blir barna engasjert og får (gjennom film, sang og aktivitetar) bli kjent med andre barn i andre land og deira kvardag. Barna får kunnskap om korleis dei bor, kva mat dei et, kva seng sov dei i og korleis er det i deira barnehage, eller går dei i barnehage? Vi ser at dette engasjerer, og kvart år når temaet vert avslutta set dei igjen med mykje ny kunnskap.

I samband med samane sin nasjonaldag 6 februar vil vi også synleggjere samisk kultur og bidra til at barna kan utvikle respekt og fellesskapskjensle for den samiske kulturen. Fokuset vil vere enkel historikk, flagg, kultur, klede og mat.



## Likestilling og likeverd

*«Barnehagen skal fremme likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn». Rammeplanen 1.5*

### Slik arbeider vi for å ivareta dette:

- Jenter og gutter skal oppleve at dei blir presentert for like aktivitetar og leikar; Alle har like moglegeheiter uavhengig av kjønn og interesser.
- I bokhylla til barnehagen skal barna finne bøker med ulike tema og for ulike interesser. Den skal ikkje vere einsidig, eller favorisere klassiske kjønnsrollemønstre.
- Barn er nysgjerrige på det dei ikkje forstår; Dei spør og dei vil ha svar. Her skal personalet vere bevisst si rolle; Nokre gongar kan ei forskande tilnærming på ei problemstilling vere riktig metode. Barna finn svaret sjølv, med støtte frå ein vaksen og oppleve samtidig meistring.
- Vi har barn med særlege behov; Barna skal få kunnskap om barnet / barna sine særlege behov og parallelt med det få erfaring med å vere ein ressurs i livet deira; Ta del i tilrettelagde aktivitetar / trening som skjer i barnehagen og kjenne på kjensla av at ein bidrar og blir ei viktig brikke i livet til det aktuelle barnet. Kjenne på ansvar og oppleve glede ved å delta.
- I barnehagen skal alle barn (uavhengig av status og familieforhold) få dei same moglegeheitane. Foreldra skal ikkje betale for noko meir enn foreldrebetaling + matpengar. Diverse arrangement barnehagen set i stand, skal vere kostnadsfrie for foreldra, alle skal kunne delta.
- Vi skal vekke interesse hos barna for ulikskap; Sentrale ord / namn hos framandspråklege barn skal visualiserast på avdelinga og opplevast som ein ressurs for relasjonsbygging og kommunikasjon.
- Enkel teik til tale og bruk av biletar for å forsterke eit verbalt bodskap skal alle barna erfare i løpet av barnehagetida.



## Berekraftig utvikling

*«Barna skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Bærekraftig utvikling omfatter natur, økonomi og sosiale forhold og er en forutsetning for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor en viktig oppgave i å fremme verdier, holdninger og praksis for et bærekraftig samfunn». Rammeplanen kap1 s 12.*

- **Å ta vare på seg sjølv:** Barna skal bli fulgt opp og ivaretatt i høve til eigen hygiene og dei skal oppleve at det gjer både barn og vaksne rundt dei. Barna skal oppleve glede av variert og godt kosthald, kjenne på glede / nytte av å vere i fysisk aktivitet i tillegg til å få høve til kvile og rolege aktivitetar. Barnehagen skal vere ein trygg plass for barnet å vere. Og i det miljøet skal vi hjelpe barnet til å uttrykke sine meningar og kjensler verbalt, for at andre skal forstå korleis det har det og kva dei meiner om ulike ting. Den vaksne skal vere ei støtte, og i ulike samanhengar har vi små øvingar der barna får øvd seg «i freds tid» når kjensle og emosjonar er på eit roleg nivå. Dette er også med på å forebygge evt konfliktar; Å kunne løyse evt

konfliktar verbalt er sentralt i det å kunne ta vare på seg sjølv. For nokre barn er dette ein enkel sak og for andre kan det vere utfordrande. Vi ser ei gjensidig nytte i dette, der evnen til å lytte er like aktuell i denne samanheng, og ein viktig bit i det å forstå seg sjølv i ein større samanheng.

- **Å ta vare på kvarandre:** Å få høve til å sjå seg sjølv som ein ressurs i det å ta vare på kvarandre, ser vi på som ein nesten særsviktig evne å ha. Barn er sosiale vesen i større og mindre grad. Dei liker å vere saman, og det å bygge relasjonar, og ha andre barn å kjenne seg trygg på, er sentralt for å få ein god barnehagekvardag. Vi har tradisjon for å inkludere barna i å lage reglar for korleis vi vil ha det i barnehagen vår. Her erfarer barna medverknad og medansvar for at dette skal fungere. Dei kjenner eigarskap til reglane og minner kvarandre om kva vi var einig om.
- Vi har også innarbeida nokre gode rutinar som vi ser er naturleg å vidareføre saman med barna. Vi erfarer at dei engasjerer seg i naturvern når temaet blir aktualisert. Vi ønsker derfor å vidareføre godt temaarbeid inn i dei aktuelle fagområda
  - Kvifor er det viktig at vi tar vare på naturen?
  - Praktiske øvingar som syner oss kva som brytast ned i naturen og kva som forsøplar
  - Kva og korleis kan vi nytte oss av naturen?
  - Gleden av å vere på tur i naturen og kva vi kan oppleve der; Ulike fokusområde: Dyrelydar, stilna, kva vi finn i jordsmonnet, ulike vekstar, insekt, småkryp
  - Gi barna forståing for og evne til å verne om og ta vare på det vi finn ute
  - Aktivt delta i kjeldesortering.

## Livsmeistring og helse

«Barnehagen skal ha en helsefremmende og forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremmes i barnehagen. Barnehagen skal bidra til barnas trivsel, livsglede mestring og følelse av egenverd og forebygge krenkelser og mobbing. Om et barn opplever krenkelser og mobbing, må barnehagen håndtere, stoppe og følge opp dette». Rammeplanen s 13.

I Ulveseth barnehage skal det leggast tilrette for å utjamne sosial ulikskap; Foreldra skal ikkje måtte betale ekstra for at barnet skal kunne delta på div aktiviteter som barnehagen tilbyr. Vidare skal alle barn, uavhengig av kjønn og interesser få tilbod om variert litteratur, varierte aktivitetar, tema og opplevingar. Vi skal vere lydhøyr for, og sørge for at alle barn uavhengig av evne til å uttrykke seg verbalt, skal bli lytta til, tatt omsyn til og sørge for at deira stemme og deira ønsker skal bli likestilt med dei verbalt sterke barna. Dette kan vere barn med forsinka språkutvikling, fleirspråklege, eller barn som er meir introverte i høve til andre. Barnehagen jobbar og systematisk med alternativ kommunikasjon for at alle barn skal få likestilte mogleigheter til å uttrykkje seg.



Vi legg til rette for at alle barn skal få høve til ro, kvile og avslapping. Dei aller minste barna har si naturlege sovetid midt på dagen. Dei barna som ikkje sov på småbarnsavd får også mulighet til å roe ned, gjerne med roleg musikk som markerer at no er det ikkje aktiv leik, men kvile, evt sjå i barnebøker eller berre ha ei roleg stund. På stor avd blir barna delt i mindre grupper i løpet av dagen. Der skal det og vere rom for å roe ned og ikkje måtte forholde seg til alle samtidig. Innimellom, når ein ser at behovet kan vere der, så blir det også lagt til rette for kvilestund i små grupper.

I høve til å utvikle matglede og sunne helsevaner er målet vårt at barna skal få vere meir delaktige i høve til å erfare ulike smaker, førebu enkle, sunne måltid og få sunne helsevanar: Hygiene før under og etter eit måltid, ro og gode samtalar rundt måltidet. Dei vaksne skal saman med barna fasilitere måltidet på ein slik måte at ein ikkje treng å forlate bordet for å utføre div ærend. Barna skal få tid til ete i eige tempo og få høve til å bli sjølvstendig med å forsyne seg sjølv og smøre skiver, velge pålegg og kjenne på eiga grense for kor tid ein er mett.

Barna si fysiske og psykiske helse skal bli tatt på alvor. Det skal leggast til rette for fysisk aktivitet kvar dag. Barna uttrykkjer seg mykje gjennom kroppsleg aktivitet og det er derfor særskilt viktig at dei får høve til dette. Dei skal få utsyn seg på denne måten både ute og inne og på tur i skog og mark.



Vidare skal barna oppleve meistring kvar dag i barnehagen. Vi skal vere merksam på barna sine evner og interesser, og legge til rette for aktivitet og leik med det som grunnlag. Barna skal bli sett og høyrt. Dei vaksne har eit særleg ansvar for at barna skal kjenne seg godtatt og verdifull for den dei er. Dei skal bli omtalt positivt så andre høyrer kva som blir sagt, dei skal oppleve at dei er sett pris på den dei er, «eg er så glad for at du kom i barnehagen i dag / så fint at du er her» skal barna få høyre med jamne mellomrom. Vi nyttar og ein del nonverbale teikn; T.d. tommel opp, high five. I tillegg til naboros og ignorering av adferd som kan ha ein negativ innfallsinkel, men ofte døyr ut når den ikkje får næring og merksemnd. I høve til negativ adferd som kan gå utover andre barn skal det alltid handterast. Barna har lært seg stopp-regelen. Og dei er med på å lage felles reglar og får dermed eit eigarforhold til dei. blir enklare å handheve. Men mange gongar treng barn også hjelp frå dei vaksne som kan vere med å sortere kjensler og handlingar. Jfr ny barnehagelov er det utarbeida ein systematisk plan for forebygging, avdekking og handtering av mobbing blant barn. Den inneheld mykje av dei rutinane vi har frå tidlegare samarbeid og kurs med Trygg i Fellesskap. Når det blir vanskeleg for eit barn å handtere eigen, eller andre barn sin adferd, skal vi lage tiltaksplanar som støtter barnet og finn løysingar / tiltak for ei negativ utvikling

Omgrepet livmeistring kan diskuterast og reflekterast over; Rammeplanen gir oss nokre føringar på kva det skal innehalde, den er ikkje verdinøytral. Vi har som mål at barna skal meistre livet, vi legg til rette for at dei skal oppleve meistring. Men samtidig, og like viktig er det at vi lærar barna å meistre motgang også. Berre då kan dei meistre heile livet, som alltid vil ha begge dimensjonane i seg, både i barnehagetid, skuletid, yrkesliv og i livet ellers. Vi ønsker å gå nærmare inn i desse refleksjonane. Vi vil bruke både barnesamtalar og foreldremedverknad for refleksjon rundt temaet.



## Danning

*«I danning inngår oppseding som ein prosess der vaksne både leiar og rettleiar neste generasjon. Gjennom oppseding og danning blir verdiar, normer, tankar og uttrykks – handlingsmåtar vidareførte, endra og forhandla om».* Rammeplanen 2.1.

Dei vaksne i barnehagen skal rettleie barna i vekslinga mellom samfunnsnormer, sosiale krav og eigen veremåte. Sentrale verkemiddel finn ein m.a. i barnehagen sitt kontinuerlege arbeid med sosial kompetanse og i arbeidet med DUÅ (dei utrulege åra). Personalet skal vere bevisst si rolle som førebilete og rettleie barnet i veksling mellom eigen veremåte (personlegdom) og bruken av ulike verktøy dei har gjennom kompetanseheving og refleksjon i personalgruppa.

Startsamtalet er no godt implementert i barnehagen og gir eit godt grunnlag for samarbeid med heimen i arbeidet med danning. Vidare samarbeid har sin plass i foreldresamtalar, foreldremøte og i dagleg møte ved henting og levering.


I arbeidet med danning i barnehagen skal barna få erfaring med:

- Å bli høyrd: Dei er ei viktig stemme i korleis dei ønsker å ha det i barnehagen. Barna skal oppleve at dei vaksne er aktive lyttarar og at dei får ta del i tilrettelagde smågrupper, der det er rom for diskusjon og refleksjon. Barnesamtalar med dei eldste gruppene.
- Dei skal vere med å bestemme kva reglar vi skal ha i barnehagen; Refleksjon rundt kvifor vi må ha reglar og kva som skjer når vi bryt desse reglane. Målet er at barna skal kjenne eit reelt medansvar for korleis vi vil det skal vere i barnehagen.
- Barna skal bli med å ta godt imot andre barn; Her kan barna sine eigne erfaringar danne noko av grunnlaget for korleis barn vert mottatt: «Hugsar eg noko frå då eg begynte i barnehagen?». «Kva trur du det nye barnet vil synes er kjekt og korleis vil eg at andre skal vere mot meg?». Grunnleggande spørsmål i livet ellers også.
- Dei vaksne skal vere gode rollemodellar for barna. Dette inneber m.a. respekt, empati, omsorg og mentalisering (evne til å sette seg inn i andre sin situasjon). Barnet speglar seg i den vaksne sine auge.

*«It takes a whole village  
to raise a child»*

## Trygg i fellesskap

Trygg i Fellesskap i dag er kjent for dei fleste foreldre i Øygarden som har barn i barnehage, skule og fritidsaktivitetar. I hovudsak har dette tiltaket som mål å forebygge og redusere omfanget av mobbing generelt i Øygarden kommune. Sikre at mobbing blir avdekkja og handtert godt av alle som er i ein relasjon til barn og unge.



Som skildra tidlegare har vi ein del tiltak i barnehagen som skal sikre at barna skal kjenne seg trygge og skal kunne formidle til dei vaksne viss noko ikkje er greit. Personale skal vere ein aktiv deltarar i barnehagekvardagen deira og opparbeide ein relasjon som gjer barnet trygt.

Frå den dagen vi blei introdusert for målsettinga til Trygg i Fellesskap, har vi tenkt at arbeidet med å sikre at barn skal trivast i barnehagen er grunnleggande og viktig for å forebygge evt utestenging og mobbing.

Tiltak for for å ivareta dette:

- Startsamtal ved oppstart i barnehagen; Det at vi kjenner «historia» til barnet er eit godt utgangspunkt. Gjensidige forventningar.
- Barnet skal ha ein primærvaksen i starten av barnehagetida; Vi ser at det ofte gjer barnet fortare trygg og tilvenninga blir meir i barnet sitt tempo.
- Barna skal bli tatt på alvor; Dei skal bli lytta til når dei vil fortelle. Dei skal og erfare at dei kan påverke korleis vi skal ha det her hos oss med sine meningar og handlingar.
- Vennehjarte kan vi bruke til å systematisk visualisere gode ting som barna seie til og om kvarandre. Barna skal få erfaring med å uttrykke seg positivt og dei skal få erfaring i å ta imot positive tilbakemeldingar frå andre barn.
- Personale skal bruke observasjonsverktøy der dei ser behov for det, etter avtale med foreldra.
- Barneintervju med dei eldste
- Personale skal vere tydeleg overfor barna viss det blir identifisert utestenging og / eller mobbing. Slik åtferd er ikkje akseptert og det har barna vore med på å bestemme. I periodar kan det då vere aktuelt med ekstra oppfølging og personale har gode verktøy til å mestre det. Er det ekstra store utfordringar har vi og høve til å få hjelp frå ressurspersonar i Trygg i Fellesskap.
- På personalmøte / planleggingsdag jobbar personalet med ulike case frå barnehagekvardagen innanfor temaet. På denne måten blir ein meir bevisst eige handlingsmønster, kva verktøy har vi å bruke og jobbe fram felles strategiar å handtere ulike utfordringar.

Foreldresamarbeid; Viss du som foreldre kjenne deg utrygg på vegne av barnet ditt, fordi barnet fortel noko heime eller du ser noko som uroar deg, så ta kontakt med personalet. Alle slik kontakt skal blir tatt på alvor; Takk for at du gir beskjed, vi skal følgje ekstra med, så får du ei tilbakemelding. Nokre gongar kan det vere slik at vi ikkje identifiserer noko spesielt som stadfestar den bekymringa de foreldre evt. set med. Men uansett, så har vi eit klart ansvaret for at barna skal ha det bra når dei er i barnehagen. Det arbeidet skal det vere kontinuitet i.

Ved å gjer oss merksam på ei bekymring, så kan vi gjerne i ein periode vere særleg merksam på det aktuelle barnet sjølv om observasjon over tid ikkje stadfester bekymringa. Viss det motsette blir observert skal barnehagen gjer tiltak for å trygge barnet og snu den negative utviklinga. Foreldre og personale har eit felles mål; Barna skal vere trygge og trivast. Viss det kjem bekymringsmelding frå foreldre, personale eller barnet sjølv, om at det ikkje har eit godt psykososialt miljø, så skal det lagast ein plan for korleis barnehagen skal handtere dette. Den skal evaluerast etter ei avtalt tid.

## Omsorg, leik og læring

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling».* Barnehagelovens §1 Formål, 1 ledd, første punktum.

### Omsorg

Barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg. Omsorga skal vere individuelt tilpassa og den skal prege samspelet dei vaksne har med kvart einskild barn. For å ha eit best mogleg utgangspunkt har vi alltid ein startsamtale der foreldra har høve til å informere barnehagen om korleis livet til barnet er og har vore fram til barnehagestart; Særlege omsyn å ta og viktig kunnskap om barnet, gir barnet ei trygg plattform ved oppstart og personalet kan meir tilpasse omsorga etter barnet sitt behov.



Ein omsorgsfull relasjon skal vere prega av vilje til å lytte, nærliek, innleiving og evne og vilje til samspel. Her skal personalet nytte alle rutinesituasjonar og aktivitetar til å vere til stade og synne interesse for barna.

Personalet skal også vere merksam på og sensitiv på kva omsorg har med seg i barnehagen.

#### God omsorg gir barna

- Auka tillit til seg sjølv.
- Auka tillit til andre
- Gode relasjonar til andre
- Godt grunnlag for læring
- Tryggleik
- Sosial kompetanse

Omgrepet omsorg er grunnleggande og sjølvsagt i alt arbeid vi gjer i barnehagen. For at omsorga skal vere god nok, skal den vere individuelt tilpassa kvart einskild barn. Personalet er ein stor og viktig ressurs i dette arbeidet.

## Leik

*«Barnehagen skal gi barn mulighet for leik, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser».* Barnehageloven §2 Barnehagens innhold.

Leiken er ein viktig del av barna sitt liv; vennskap vert danna og opplevingar bearbeida. Den nye rammeplanen er også tydeleg på at den bygg vidare på den norske barnehagetradisjonen der leiken har ein sentral plass.



I Ulveseth barnehage skal leiken ha ein sentral plass. Det omfattar både frileik og tilrettelagd leik.

Leiken er sentral og mangfaldig og inneholder fleire faktorar som stimulerer barna i deira utvikling:

- Utviklar forståing og samhald på tvers av både språk og kultur
- Barnekultur vert vidareført og utveksla barna imellom
- Barn lærar ulike speleregler og gjer seg erfaring med sosial samspel / kompetanse
- Barn oppleve stor grad av meistring
- Fantasien vert vidareutvikla og barna er hovudregissøren i balansen mellom fantasi og røyndom.
- Barna får bearbeide gode og mindre gode opplevingar og kan få ei ny forståing av korleis ting i kring dei fungerer.
- Språkstimulering

I leiken skal den vaksne både vere deltagande og observerande. Hovudmålet med det er å støtte opp om dei barna som evt har vanskar med å komme inn i leiken.

*«Å leike er eit mål i seg sjølv»*

Den vaksne kan variere mellom å vere:

- Støttande / rettleiande (coach i leiken)
- Forebyggjande i høve til å reflektere saman med barna rundt det å leike i lag; Rolletaking, invitere andre til å vere med, korleis sjølv ta initiativ til å kome med i leiken.
- Den vaksne kan vere eit førebilete og setje i gong leik; Gi rom for frileik og tilretteleggje for at den får ein stor plass i barnehagen.
- Barn med særlege behov skal også kunne delta i leik på eigne premissar; Den vaksne skal tilpasse leikesituasjonen etter barnet sitt behov; verbal støtte, organisere andre barn som ein leikeressurs, tilrettelegge for tilpassa leikegrupper, eller nokre gongar ein til ein leik / aktivitet

## Det allmenpedagogiske tilbodet til barn som treng ekstra støtte

*«Barnehagen skal tilpasse det allmenpedagogiske tilbodet etter barnas behov og forutsetninger, også når noen barn har behov for ekstra støtte i kortere eller lengre perioder»*  
Rammeplanen kap 7 side 26.

Det allmenpedagogiske tilbodet i barnehagen skal tilpassast kvart einskild barn; Barna har ulik alder og ulik føresetnad. I den grad vi erfarer at barn ikkje kan gjere seg nytte av dette, kan vi i dialog med foreldra søke om ei sakkunning uttale på barnet og evt søke ekstra støtte / ressurser for å oppfylle

kravet som alle barn har. Den ressursen vi får, kan nyttast på ulikt vis. I dei fleste tilfeller har barnet størst utbytte av ekstra støtte i samhandling / aktivitet med andre barn. Det kan og vere at barnet i nokre høve får størst utbytte når det i korte økter har ein til ein trening med ein vaksen.

Dei barna som mottar spesialpedagogisk hjelp blir inkludert i barnehagruppa og i nokre tilfelle praktiserer vi det som vi kallar «motsatt integrering»; Eitt til tre andre barn blir tatt med i leik og aktivitet for å få størst mogleg utbytte når den spesialpedagogiske hjelpana blir gitt. Vi ser at det er ein metode vi lykkast med og det er populært for barna å vere med. Her har den vaksne ei særleg viktig rolle i å støtte og rettleie.

Vi jobber systematisk med alternativ kommunikasjon for dei barna som har behov for det. Personalalet har hatt kurs i teikn til tale og dette praktiserast til ein viss grad i barnehagen. Barnehageloven §19i stiller også krav til at barnehagane skal praktisere og legge til rette for barn som treng støtte til talespråket. Vi får dette meir og meir inn i barnehagerutinane. Vi ser og at tospråklege barn har nytte av dette i ein overgangsperiode. Alle barn skal ha rett til å uttrykke seg og bli forstått.

Vi har ikkje pr i dag barn som treng utvida bruk av alternativ kommunikasjon. Men vi jobbar for å visualisere mange ting, og særleg ed tanke på dei aller minste som står på springbrettet til ei formidabel språkutvikling. Før dei verbale orda blomstrar skal dei få høve til å gjenkjenne det dei har rundt seg ved hjelp av bilet festa på kasser, eller visualisering av neste aktivitet / rutine.

## Læring

*«Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskarrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger». Barnehageloven §1 Formål, 2 ledd.*

Læring er prega av samspelet mellom barn og vaksne.

Dei vaksne skal ha eit aktivt forhold til læringsprosessane og dei skal ta vare på verdien av læring som skjer i daglege rutinesituasjonar og ulike aktivitetar.

### I Ulveseth barnehage skal barna oppleve / erfare læring gjennom m.a.:

- Tid til refleksjon og samtale saman med andre barn og vaksne
- Få høve til å utforske / finne ut av ting dei lurer på. Dei vaksne er bevisst på å ha ei forskande tilnærming på spørsmål og undring som barna har og er opptatt av.
- Å bli møtt på ein god måte av personalet (støttande og vere nysgjerrig saman med barna).
- Dele kunnskapen sin og vekkje interesse for ulike tema hos barna.
- Knyte dei sju fagområda opp mot både den formelle (planlagde) og den uformelle læringa.
- Ta vare på her-og-no-situasjonane saman med barna og omsette dei til undring, leik og læring. Forskande tilnærming.
- Barna lærar mykje ved å vere aktivt deltagande; Personale skal legge til rette for at dei får ein reell medverknad på kvardagen sin (sjå avsnitt, barn sin medverknad).

## Barn si rett til medverknad

*«Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltagelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet».* Barnehageloven§3. Barns rett til medvirkning.

**Barna sin rett til medverknad flyt fint inn i metoden vi arbeidar etter, «prosessorientert læring».** Berekraft er og eit gjennomgangstema i samfunnsplanen til Øygarden kommune. I den samanheng ønsker vi og å jobbe med og for at barna i vår barnehage også skal bli berekraftige barn og med tida vaksne;

Vi lever i eit samfunn der prestasjonspress aukar stadig; Krav om og prestere, og større fallhøgde når nokon ikkje meistrar og ikkje får til, høyrer vi stadig historier om. Tid skal vere eit sentralt omgrep. Ved hjelp av tid skal vi kunne legge til rette for at *alle* barn med sine ulike utgangspunkt skal oppleve at dei har ein reell medverknad. Dei skal oppleve at vi har tid til å høre på dei, øve på kritisk tenking og refleksjon. Samtidig og erfare at det ikkje berre er det dei presterer som er viktig, men også kven dei er og kva dei står for.

I det daglege saman med barna skal personalet:

- Jobbe for at barna sine forslag og innspel blir testa ut så langt som mogleg. Både i styrte prosjekt, men og ikkje minst i det daglege, leik og aktivitet saman med barna. Den vaksne skal først og fremst stille opne spørsmål, teste ut barna sine forslag, og saman med barna finne den beste løysinga
- Det skal tilretteleggast for små grupper der små og / eller store praksisfortellingar kan bearbeidast og finne felles løysingar på. Det skal ikkje bli definert som feil eller rett frå den vaksne si side, men anerkjenne barna sine forslag – drøfte / sjekke dei ut og finne felles løysing. Den vaksne skal sørge for at det er trygt for dei barna som er til sta
- I prosjektarbeid skal barna vere med frå starten av ; Igjen, opne spørsmål og barna skal i stor grad styre utviklinga ved prøving og feiling. Ein stor gevinst av arbeidet er og for barna å gjere seg erfaring med å ta omsyn til andre barn sine innspel og forslag. I tillegg til ta del i den kritiske og reflekterande delen av det når ein testar ut ulike forlag. Det skal vere trygt og greitt å ha eit forslag som ikkje fungerte – for slik fungerer samfunnet; Slik går livet videre og slik er vi stadig i utvikling.
- Personalet skal legge til rette for arenaer der barna får mulighet til å delta i vurdering av deler av barnehagedagen. Det kan bli uttrykt på ulikt vis avhengig av alder. Hos dei minste er personalet merksam på kroppsspråk og korleis dei gir uttrykk for sine kjensler og meininger. Hos dei eldre barna enkel dialog mest reelt, men og god erfaring med
- Vi er opptatt av å gi barna tid, lytte og vere til stade med dei. På den måten vert det rom for samtalar der barna får høve til å filosofere over smått og stort. Vi gjentar oss sjølv med «Å ha ei forskande tilnærming» er ein metode vi nyttar når vi «oppdagar verda» saman med barna. Vi gir ikkje fasitsvar, men lar dei finne løysinga sjølv ved å vere nysgjerrig og støttande saman med dei. Den same metoden er vi bevisst på i bruk av systematiske barnesamtalar med dei eldste. Her får personalet høve til å få eit innblikk i kva som opptek barna og kva dei trivast med i barnehagen. Mn kva dei evt skulle var annaleis, om det er barn dei



skulle ønske dei kunne leike meir med. I slike samtalar kan vi og få eit syn på kvardagen som berre barneauge ser

- Det vert tilrettelagd for at barna skal kunne ta eigne val og gjere seg erfaringar med dei valga dei tek. Dette gjeld både i høve til val av aktivitet / leike og i det sosiale samspelet med dei andre barna.
- I høve til dei minste er vi opptatt av kroppsspråket, mimikk og andre kjensleuttrykk. Vi ser at dei formidlar korleis dei har det og trivast. Ut i frå det kan vi delvis tilpasse aktivitetar og leik med barna som medspelarar.
- Dei minste utan verbalt språk og andre barn med forsinka språkutvikling skal i tillegg til kroppsspråk få høve til å gjere seg forstått gjennom biletar / pictogram
- Vi hjelpe barna og gir dei støtte til å leve seg inn i dei andre barna sin situasjon (mentalising) og ta omsyn til andre. Ein av metodane i dette arbeidet er å gjere seg nytte av rollespel, der ulike case frå barna sin kvardag vert visualisert. På denne måten vert barna meir trygg i ulike situasjonar. Dei er likeverdige partar i refleksjon rundt kva som kan vere berekraftig. Vi vil så langt det naturleg gå vekk frå omgrep som «rett og gale», men med meir fokus på korleis vi vil ha det i barnehagen, og som er berekraftig over tid. Barna blir og ein meir sjølvstendig ressurs i seg sjølv, og medverke til å skape eit godt miljø rundt seg.
- Rundt ulike tema vil dei eldste få erfaring med å medverke i ulike prosessar frå begynnelse til slutt. Eit eksempel kan vere: Vi skal dyrke paprika; Korleis ser ein paprika ut? Teikning / refleksjon. Kva må vi gjere for å dyrke paprika? Ulike alternativ? Vere med å kjøpe frø på butikken: Kva treng paprikafrøet for å vekse? Få ansvar for å ivareta frøet fram til ein høg paprikabusk med paprika. Er det ulike måtar å vatne på? Treng frøet meir enn vatn? Den vaksne skal vere merksam på barna sine eigne spørsmål – teste ut
- Progresjonen kan og brukast rundt andre tema «fra begynnelse til slutt». Ide, refleksjon, kunnskap, prosess, produkt.



## Digital praksis


*«Barnehagens digitale praksis skal bidra til barnas lek, kreativitet og læring. Ved bruk av digitale verktøy i det pedagogiske arbeidet skal dette støtte opp om barns læreprosesser og bidra til å oppfylle rammeplanens føringer for et rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn».*  
Rammeplanen kap 8 side 29.

Under dette temaet ser vi på barnehagen si største oppgåve å gi barna god digital dømmekraft, i tillegg til å få erfaring med nettbrett som eit medie til læring og informasjon. Den vaksne skal vere aktiv i lag med barna, og nettbrett skal heller ikkje vere ein dominerande arbeidsmetode, men likevel eit naturleg medium i høve til aktivitet og læring.

- Dei minste barna, skal få kjennskap til ulike pedagogiske spel på avdelinga sitt nettbrett. Dette i lag med ein voksen og der oppleveling av meistring og utvikling skal vere sentralt.
- Dei eldste barna blir og presentert for ulike spel, mange av dei knytt opp mot ulike fagområder. I tillegg skal dei få kunnskap om og erfaring med at med digitale hjelpemiddel kan vi finne svar og kunnskap om ulike tema, bilete som t.d. illustrerer dyr og andre konkrete ting som vi ikkje finn i kvardagen rundt oss.
- Barna skal og få erfare at digitale verkty også kan vere kilde til kreativitet og eksperimentering av ulike former, farge og anna.
- Salaby er eit digitalt vekty som m.a. ivaretar ulike tema og fagområda i rammeplanen

## De Utrolige Årene

«De utrolige årene» er eit program som tek sikte på å fremje sosial og emosjonell kompetanse hos barna. Personalalet har heilt tilbake til 2008 gjennomført dette programmet. Nye som har kome til har fått opplæring i etterkant. Vi har klart å la dette bli ein del av vår daglege praksis i arbeidet med barna.



Programmet er utvikla av Caroline Webster Stratton og har som hovudmål å styrkje dei vaksne si kompetanse på desse områda:

- Byggje relasjonar mellom barn og vaksne
- Lære strategiar for korleis få barn si merksemld, halde på den og bruke merksemda til å regulere åtferd.
- Strategiar for å nytte skildrande kommentarar i læresituasjonane
- Utarbeide åtferdsplan som metode på einskildbarn
- Lære strategiar for grensesetting

Gjennom desse metodane utviklar barna seg på følgjande område:

- Sosialt, emosjonelt og læringsmessig
- Lærar å løyse utfordringar og konfliktar
- Utvikle godt samspel mellom barn og vaksne
- Utvikle evne til å sjå både eigne og andre sine behov
- Redusere negativ åtferd og aggressjon



Dei utrulege åra si pyramide har hjelpt oss i starten med å jobbe trinnvis med metodikken; Å bygge gode relasjoner med barna er grunntanken og utgangspunktet for å lykkast i det vidare arbeidet. Vi ønsker og å dra fram den usynlige sparegrisen vår ; Der puttar vi ikkje pengar (som på biletet) men gode opplevelingar rundt barnet; m.a. bry seg, leik, samtale, ømhet og støtte, oppmuntring, problemløsning og omsorg. Vi gir merksemnd til det vi vil ha meir av; Rollemodellprinsippet og oppmerksomhetsprinsippet.

## Den vaksne si rolle

Den vaksne si rolle i barnehagen er særskilt viktig. Det er den viktigaste ressursen vi har for å skape ein god barnehage; både i høve til innhald, kunnskap, evne til samarbeid og ikkje minst evne til omsorg. Den vaksne skal ha kunnskap nok til vere ein god rollemodell for barna og ein bidragsytar til samarbeid og utvikling av innhaldet i barnehagen.

*"Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling"*

(Barnehageloven § Formål, 1. ledd, første punktum).

Den vaksne i barnhagen sitt utgangspunkt er personlege eigenskapar, formell og/ eller uformell utdanning, i tillegg til anna realkompetanse. Barnehagen tilrettelegg for at dei tilsette skal få supplert sine evner og kunnskap gjennom ulike tema i diverse møtefora, kurs og i nokre tilfelle har det vore tilbod om vidareutdanning på ulike tema / område.

Det vert og satt av tid til evaluering og refleksjon av arbeidet som vert gjort i løpet av veker og månadar, noko som ofte er eit godt grunnlag for å tilegne seg ny kunnskap rundt handling og tankar med det vi gjer.

## Dei sju fagområda Språk, tekst og kommunikasjon

*«Progresjon i barnehagen innebærer at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang».*  
Rammeplanen kap 8 side 28

Barnehagen har store områder den skal ivareta i høve til leik, læring og utvikling. Å skrive ein progresjonsplan på dei sju fagområda er viktig, men samtidig særskilt utfordrande. Her synleggjer vi dei mest sentrale punkta i vår progresjonsplan. Nokre gongar kan dei gå i kvarandre og i mange tilfelle gjer barna også seg fleire erfaringar enn kva vi klarer å få med her.

Alder	Fagområde	Progresjon
1-2 år	SPRÅK TEKST OG KOMMUNIKASJON	Personalelet aktiv tilstade med dei minste i leiken, barnegrp inndelt i grupper. Personalelet skal bruke språket aktivt; Skildre og sette ord på . Bruke barnelitteratur; musikk, song rim og reglar. Tilrettelegge for at barna skal nytte sansane sine. Få respons på sin måte å uttrykkje seg på
3-4 år		Barna skal bli lest for, utvida tilgang til litteratur. Få tid til å setje ord på ønsker , kjensler og erfaringar. Personalelet skal vere førebilete (danning). Tid til å lytte.Oppleve positive relasjonar i leik og aktivitet
5-6 år		Setje ord på uttrykka til barna. Telje, sortere, leikeskrive eller diktere tekst. Tilrettelegge for aktivitet, og vere støttande. Tilby varierte spel. Barna skal få øve på å fortelje historier til eit publikum.. I samlingar; Små historier som opptek barna. Resten av

		gruppa får øing i å lytte, vere merksam på kva andre fortel, og gi respons / tilbakemeld / stille spm
Alder	Fagområde	Progresjon
1-2 ÅR	KROPP, RØRSLE, MAT OG HELSE	Sette namn på ulike kroppsdelar. M.a. ved hjelp av song, rim og reglar. Nyte sansane ute og inne; lukte, høyre, sjå og kjenne. Både nå det gjeld mat, og lukter i skog og mark. Få god erfaring med dei taktile sansane. Tid er eit stikkord – utforskande tilnærming. La dei få god plass til rørsle. Tur i skog og ark i nærmiljøet. Disse, bli van med handvask – ta del i enkelt reinhald der det fell seg naturleg. Innøve gode rutiner. Mykje ved hjelp av «vaske-rim-regler»
3-4 år		Litt lengre turar i nærmiljøet i ulendt terrenge. Skal få erfare fysisk meistring. Tilrettelegge i små grupper. Gi barna god tid til aktivitet og meistring. Bli servert eit variert og sunt kosthald. Erfare samanheng mellom det å vere mett, aktivitet og trøytnad. Meistre toalettbesøk (med litt hjelp), hygiene, gode rutiner – vaksne hjelper og støtter.
5-6 år		Sjølvstende i høve til toalettbesøk, av – og påkledning. Gir barna tid til å opparbeide seg mestring. Personale skal vere rollemodellar og syne barna glede / entusiasme ved å nå dei målaein set seg. Gode hygienerutiner. Respekt for eigen og andre sin kropp, og for at alle er forskjellige. Verdien av å av å respektere ulikskap og kunnskap om dette. Positiv tenking. Servere og oppmuntre til sunt kosthald. Kva gjer maten med kroppen vår? Kva treng vi for å leike og vere i aktivitet
1-2 år	Fagområde	Progresjon
	KUNST, KULTUR OG KREATIVITET	Barna skal få oppleve musikk og dans. Lytte til gitar og rytmeinstrument. Delta i song – og musikksamlingar. Gjere seg erfaringar med ulike formingsmateriale som t.d. maling og modellkitt, sand og vatn. Finne glede i prosessen.. Tilrettelegge for ulike formingsaktivitetar – både taktilt og med hjelpemiddel (t.d. pensel). Gjere barna merksam på kva vi kan erfare / oppleve gjennom sansane
3-4 år		Få kjennskap til ulike materiale. Barna skal få erfaring med modellerkitt, maling, sand, vatn og jord. Kunne finne materiale sjølv. Det skal vere tilgjengeleg; Skape ulike uttrykk og roller. Dikte eventyr og historier. Øve på å lytte til ulike historier, m.a. frå nærmiljøet (kultur). Ta barna med på å lage eigne historier, ut frå seg sjølv, eller med utgangspunkt i fortellerkort. Sjå kunst frå ulike kunstnarar.
5-6 år		Bli bevisst sin eigen kultur, kontra kultur frå tidlegare tider. Likt / ulikt. Kva er vår kultur. Filosofere saman med barna. Gå tur i kulturlandskap, og bli fortalt historier frå gamle dagar. Få presentert flerie typer formingsmateriale. Utvikle skaparevne gjennom ulike materiale. Kjenne til namn på ulike kunstnarar. Ha høve til å uttrykke seg innanfor språk, dans, musikk og drama. Skal få uttrykke seg på ulike måtar i stor og lita gruppe.

Alder	Fagområde	Progresjon
1-2 år	NATUR, MILJØ OG TEKNOLOGI	Barna skal få bruke naturen til alle årstider og i all slags ver. Tilrettelegge for dette i små grupper. La barna få oppleve dyra i nærmiljøet – sauer, hester, hund, katt, høns og kanin. Gå tur til gardane i nnærleiken. Læring gjennom handling. La barna erfare kva som skal til for å løfte hjulet på trehjulsykkelen opp frå kanten (samarbeid teknikk). Få tid til å erfarekorleis glidelås og seler fungerer (påkledning). Å bere tre ting i motsetnad til to ting (ein i kvar neve). Kjenne på dei ulike årstidene; Ver og vind, kulde og varme, rennande vatn og frose vatn.
3-4 år		Erfare å vere ute i all slags ver. T.d. følgje årstidene rundt eit tre. Ta vare på naturen. Ikke kaste søppel – dyra bor der! Undre seg over fenomen i naturen. Utforske det dei er opptatt av.
5-6 år		Gjere seg erfaring med å så / dyrke grønnsaker om våren og hauste dei om hausten. Få ansvar for eigne grønnsaker og få enkel rettleiing / gjere seg erfaring med kva frø og spirer treng for å vekse og bli klar til hausting. Erfaring med gjenvinning / sortering av avfall. Få kunnskap om kva som skjer når vi forsøplar. Finne ut av tekniske ting i saman med barna. Leikar og utstyr blir øydelagd; Kva skal til for å reparere?; Treng vi nye delar, kan vi ordne det med berre nevane, montering av nye leikar. Aktiv sankasseleik; Heise / tømme, samarbeid, bruke kroppen. Få kjennskap til IKT. Få erfaring med å finne informasjon digitalt, glede / nytte av pedagogiske spel og oppgåver.. Få kjennskap til ulike naturfenomen, berekraftig utvikling gjennomsatsnomr våre (sjå satsnomr). Forske litt på ulike tema / naturfenomen som dei gjer seg erfaring med.
1-2 år	Fagområde	Progresjon
	NÆRMILJØ OG SAMFUNN	Få erfare at dei er ein del av ei større gruppe; Er rekna med. Få vere med i gruppa saman med dei andre. Få bidra på sitt nivå samling og liknande. Få opplevelingar utanfor barnehagen. Gjere seg erfaringar i nærmiljøet – sanseinntrykk.
3-4 år		Besøke garden, skulen, butikken og kyrkja. Skog og ulendt terrelleng. Få høre om gamle dagar – endringar fram til i dag. Sjå bilet og kjenne på konkretar. Å sjå seg sjølv i ein større samanheng; ta vare på leikar og utstyr i barnehagen, respekt for seg sjølv og andre, omsyn og ulikskap.
5-6 år		Få erfaringar med kva demokrati betyr. Vere med på å lage demokratiske reglar i barnehagen; kvifor er dei viktig, og kva skjer om vi bryt desse reglane. Bli tatt med på lengre turar. Erfare og bli fortalt om endringar i kulturlandskapet. Få kunnskap om kvifor vi alle er viktige bidragsytarar i samfunnet. Få innblikk i kva ulike yrkesgrupper gjer. Kjenner vi nokre yrkesgrupper? La barna fortelje om kvar dei bur, korleis det er der, og kva som er viktig for dei. Barna skal oppleve at dei har ei viktig stemme; Dei er ein del av ein større samanheng og deira heimstad og deira barnehag er ein viktig del av dette.

1-2 år	Fagområde	Progresjon
	ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI	Gi barna gode opplevingar i samband med jul – og påsketradisjonar. Tufta på kristne og humanistiske tradisjonar. Delta på korte samlingar og lære enkle songar. Lære å omgås andre barn på ein positiv måte. Erfare enkle omgrep som «hjelpe» og «vere god med». Erfare fordelen med å dele på ulike leikar og utstyr.
3-4 år		Lage reglar for samspel med barna. Snakke om korleis vi er med kvarandre; Rollespel (case) av personale for å illustrere. Filosofere. Lage tankekart over uike tema saman med barna. Eks. snø: kald, kvit, ake. Respekt for ulike religionar og samfunn. Høyre ulike historier (film, litteratur, forteljing frå andre stadar).
5-6 år		Skal få rom til samtalar med ein voksen ang ting som opptar dei. Medansvar for at ein sjølv og andre barn har ein fin barnehagekvardag. Ta del i å etablere enkle reglar for korleis vi skal vere med kvarandre. Motvirke mobbing og trakkasering, via relasjonsbygging og sosialkompetanse. Utvikle forståig for ulike tradisjonar og levesett. Få kunnskap om barna dei går i barnehagen saman med, I tillegg til andre barn i andre land og andre kulturar. Oppleve at det blir tatt like mykje omsyn til guatar og jenter. Likestilling

1-2 år	Fagområde	Progresjon
	TAL, ROM OG FORM	Barna skal få erfaring med ulike rom; Små og store. Lage eigne rom av tepper, stoler, pappesker. Erfare at dei må gjere seg liten for å komme seg inn i, eller at rommet er så stort at dei kan strekke seg så lang dei er. Leike med ulike former. Begynnande omgrep – sortere og samanlikne. Nyte innpasningsspel/puslespel. Erfare ulike omgrep som tung, lett, liten og stor.
3-4 år		Gjere seg erfaring med å telle. Telle ting rundt oss, bli kjend med tellebøker. Kjenne igjen sitt eige tal (alder). Gjere seg kjend med enkle omgrep som midt i rommet, under bordet, opp i kassa. Dei vaksne skal vere bevisst språkbruken i leik og aktivitet saman med barna. Samanlikne ulike storelikar. Ute i naturen skal di kunne gjere seg erfaringar med store og små steinar. Samanlikne med t.d. ei lett fuglefjær.
5-6 år		Barna skal få gjere seg kjent med ulike målereiskap i samband med matlagning. Dei skal og erfare at det går an å måle lengde ved hjelp av ulike kroppsdelar (armar, bein eller heile seg). Kreativitet. Gi barna idear og erfaring med design ved å utforske, oppdage og skape ulike former og mønster. Bli kjend med ulike former både i naturen og i barnehagen. Sirkel, trekant og firkant. Gjere seg kjent med dei inne og leite dei opp i naturen, eller lage av naturmateriale. Logisk tenking. La barna få tid til å resonere og sjå matematiske samanhengar. Støtte dei i bruken av matematiske

	omgrep og la dei erfare nye typar spel, teljemateriale og klossar i denne prosessen. Kjenne til ta som er større enn talet 9.
--	---





## Overgang barnehage – skule

I Øygarden kommune er det utarbeida ein plan for kva innhald og rutiner som skal vere på plass for at skulestartarane skal få størst mogleg utbytte og samanheng mellom barnehage og skule. Den kan tilpassast lokalt til kvar barnehage / skule. Her er vår årsoversikt for samarbeid med skulen.

- **August:**  
Barnehagen besøker skulen, første skuledag. Då tar vi med flagg og ønsker skulestartarane våre lykke til
- **September:**  
Ordinære foreldremøtesaker i tillegg til orientering om samarbeidet med skulen
- **Oktober / November:**  
Foreldresamtale; Ordinær foreldresamtale + info ang opplegg rundt overgang barnehage – skule. Besøk av 1 klasse: Skulestartarane førebur seg til besøk av 1 klasse; Spørsmål dei lurer på frå skulen, treffe igjen gode vene, 1 klassingane fortel frå skulen, eit enkelt måltid, leik og aktivitet.
- **(Mars), April, Mai:**  
Då avtaler vi med skulen ein rulleringsplan for 4 klasse med besøk av 3-4 elevar frå ca etter påske og fram til sommarferien.. Målet er å bygge relasjonar mellom skulestartarane og 4 klasse som blir deira faddarar ved skulestart om hausten. Besøket varer ca 1,5 timer og barna er i leik, aktivitet, samtale ute og inne. Når dei kjem samlast vi og har ei presentasjonsrunde.

Overgangssamtale med skulen; Det vert først avvikla ein foreldresamtale med fastsatte tema frå ein fellesmal for alle barnehagane i Øygarden. Den blir gjennomgått og det er til slutt foreldra som bestemmer og signerer på om den aktuelle informasjonen skal overførast til skulen. Ein evt overføringsamtale blir holdt i etterkant. Temaene er:

- Trivsel
- Omsorg, leik og læring
- Praktisk dugleik, sjølvstende
- Kommunikasjon, språk og tekst
- Antal, rom og form
- Kropp og rørsle
- Kultur og kreativitet

Vidare blir det ein utvida samtale viss barnet har særlege behov eller er minoritetsspråkleg. Ellers er det og skjema som foreldre kan fylle ut saman med sitt barn:

- Dette likar eg aller best å gjere i barnehagen
- Dette likar eg aller best å gjere heime
- Dette vil eg at skulen skal vite om meg
- Dette tenkjer eg om å begynne på skulen
- Dette lurer eg på før eg byrjar på skulen
- Evt andre ting

- **Juni:**

Førskulebarna i skulekrinsen vert invitert med på ein liten dagstur i nærmiljøet. Det er 4 klasse som inviterer. Dette er etter skulen sitt initiativ, og nokre år sidan sist. Ventar på invitasjon 😊. Felles oppleveling og relasjonsbygging.

Førskuledag: Skulestartarane våre blir invitert til skulen for å treffe kontaktlærar og komande klassekameratar i klasserommet.

Barnehagen tar kontakt med skulen for besøk. Målet er at skulestartarane skal få sjå lokala på skulen; Klasserom, SFO, gang / garderobe, gymsal. Får som oftast møte SFO-leiar denne dagen.

*Barnehagen har jobba etter desse rutinane i mange år no og vi ser at det er med på å gjere overgangen til skulen meir forutsigbar og oversiktleg for barna. Skulen melder også tilbake at dei og elevane dreg nytte av den informasjonen vi overfører om våren.*

## Samarbeid

- Faglege diskusjonar og utvikling av barnehagen.
- Planlegging i grupper avdelingsvis eller på tvers av avdeling
- HMS
- Praktisk arbeid
- Samarbeid i høve meir langsiktige planar
- Vurderingsarbeid

## Foreldresamarbeid

*«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling, jf. Barnehageloven § 1. Barnehagen skal ivareta foreldrenes rett til medvirkning og arbeide i nært samarbeid og forståelse med foreldrene». Rammeplanen kap 5 side 22*

Foreldra er våre viktigaste samarbeidspartnarar. Vi skal samarbeide til det beste for barnet og foreldra skal få høve til å påvirke innhaldet i barnehagen. Viss barnet ikkje bur hos sine biologiske foreldre, så har andre foresatte same rett.

Startsamtalet legg grunnlag for eit best mogleg samarbeid. Vidare er dagleg kontakt ved henting og bringning sentral i høve til utveksling av informasjon som kan vere godt å kjenne til for at barnet og foreldra skal ha eit best mogleg utbytte av opphaldet.

To gongar i året blir foreldra invitert til foreldresamtale. Der er agendaen til barnehagen barnet si utvikling og trivsel i barnehagen. Korleis foreldra opplever barnet heime er også ein viktig del av samtalen. Vidare får foreldra høve til å komme med innspel til barnehagen sitt innhald

Barnehagen inviterer foreldre til uformelle samankomstar som luciafeiring og sommarfest som skal fremje fellesskap, relasjonsbygging, felles måltid og aktivitet saman med barna.

Foreldra blir invitert til foreldremøte: Her får dei informasjon om innhald og planar for året. Det blir også satt av tid til innspel frå foreldra skriftleg eller muntleg.

For å drive ein god barnehage er vi avhengig av eit godt samarbeid, både avdelingsvis og på tvers av avdelingane. I tillegg til eksterne samarbeidspartnarar. Formelt har vi desse møteforaene.

**Avdelingsmøter:**

Det er satt av ein time i veka til avdelingsmøte der personalet har sitt interne samarbeidsfora. Her kan innhaldet vere:

- Planlegging av den neste veka, eller nærmeste månaden
- Koordinering og deligering av oppgåver
- Samtale rundt ulike problemstillingar (einskildbarn eller barn i gruppe)
- Praktiske ting
- Informasjon

**Pedagogisk leiarmøte:**

- Diverse informasjon frå styrar
- Koordinering av felles aktivitetar
- Utveksling av erfaring og vidare planar
- Fagleg utvikling av barnehagen
- Økonomi / innkjøp (prioriteringar)
- Aktuelle problemstillingar

**Personalmøter:**

- Felles informasjon
- Fagleg utvikling av barnehagen
- Praktisk tilrettelegging
- Aktuelle problemstillingar
- Personalpolitikk
- HMS
- Kan og bli brukt til diverse aktuelle kurs av eksterne kurshaldarar.

**Planleggingsdagar:**

- Ca 1-2 planleggingsdagar vert nyttar til eksterne kurs / vidareutvikling

I foreldreråd blir det valt foreldrerepresentantar til samarbeidsutvalet i barnehagen.

Samarbeidsutvalet er med og godkjenner årsplan og vedtar evt endringar i barnehagen; Økonomisk eller organisatorisk.

Kvart andre år har vi ei større brukarundersøking der barnehagen i etterkant skal velge seg ut eit utviklingsområde for å imøtekome resultatet. Inneverande år vil denne finne stad i november, og det er udir som står for innhaldet.

**Andre eksterne samarbeidspartnarar:**

- PPT
- Helsestasjon
- Barneverntenesta
- Andre barnehagar (nokre gongar i høve til prosjekt og kurs)

- Skule (m.a. i samband med overgangen barnehage – skule)

## Vurderingsarbeid og brukarmedverknad

«Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon. Barnehagen ber på tradisjonar, samansett kompetanse, «inforståttheit» og taus kunnskap som er viktig å setje ord på og reflektere over når ein skal legge grunnlaget for den vidare kvalitetsutviklinga». Rammeplanen 4.3 side 56

Barnehagen skal gjennomføre vurderingsarbeid på eit konkret område kvart år, der både foreldre, barn og personale skal delta. I år er det barnet sin trivsel og sosial kompetanse vi skal ha som tema for vurdering.

I år kom forslag om vurderingsområde frå foreldrerepr

Kva	Kven	Kor tid
Matglede	Barn, foreldre og personale	På personalmøter, i foreldresamtale og i barnesamtale med barna. Våren 2025

## Fleirkulturelt arbeid

«Barnehagen skal være et miljø hvor ulike individer og ulike kulturelle ytringer møtes i respekt for det som er forskjellig. Å belyse ulikhetene og det som er felles kan gi grunnlag for forståelse og innsikt». (Kunnskapsdepartementet 2006a:18).

Det er ulike nasjonalitetar representert i barnehagen. Hovudmålet er at barna skal møtast med respekt og ved hjelp av bevisst arbeid integrerast på ein god måte. I arbeidet med integrering erfarer vi at det er ein gjensidig nytteverdi; Mangel på felles språk er i utgangspunktet ei stor utfordring. Men ved å gjøre dette til eit fellesprosjekt der metodikken (t.d. biletet, ordlister, tegn til tale), erfarer vi at alle barna blir nysgjerrig og opplever gjensidig interesse og meistring i prosessen med å gjøre seg forstått. Å oppleve kjensla av fellesskap sjølv om det verbale språket ikkje er felles, er ei god kjensle.

I den grad foreldra ønsker det, synleggjer vi dei ulike kulturane i barnehagen.

FN dagen er sentral i år i høve til temaarbeid vi aktueliserer i samband med denne dagen; Kunnskap om andre kulturar; Likt og ulikt i høve til korleis vi har det. Ulik mat, ulike smakar. Tema / samtaler, vennskap / kunnskap på tvers av landegrenser. Barnekonvensjonen.

## Planlegging og dokumentasjon

*God planlegging kan bidra til gjennomtenkt og fornuftig bruk av dei menneskelege og materielle ressursane i barnehagen, nærmiljøet og naturområda. Rammeplanen s 53.*

Barnehagen har formelle møteplassar for planlegging; avdelingsmøter, personalmøter og planleggingsdagar. I tillegg har barnehagelærar og pedagogisk leiar ca fire timar i veka til planlegging og etterarbeid av innhald og metode for direkte arbeid med barna. Her inngår også planlegging og etterarbeid av samarbeid med foreldre og eksterne samarbeidspartar.

*Kunnskap om arbeidet til personalet og verksemda til barna i barnehagen er viktig som grunnlag for utviklinga i barnehagen. Dokumentasjon kan vere eit middel for å få fram ulike oppfatningar og opne for ein kritisk og reflekterande praksis. Rammeplanen s 55.*

Det er ulike måtar å dokumentere det pedagogiske arbeidet i barnehagen, det er også ulike grunnar til at vi jobbar med dokumentasjon;

Korleis dokumentasjon:

- Dagleg kontakt og muntleg formidling til foreldre
- Dagens innhald (tekst) og bilet. Ikke alltid kvar dag, men foreldra skal oppleve at dei får eit reelt innblikk i arnehagekvardagen
- Ei oppsummering og refleksjon frå forige månad på kvar månadsplan.
- Barna har kvar sin perm gjennom barnehagetida som dokumenterer i tekst og bilet noko av dei erfaringane dei har gjort seg.
- Referat frå personalmøter og planleggingsdagar.
- Systematiske observasjoner ved behov.
- I foreldresamtalar

## Kosthald

Barna får servert lunsj kvar dag. Fire dagar i veka er det smørelunsj og ein dag er det varm lunsj. Vi velger å kalle dagen med varm mat for matlagingsdag. Målet vårt er at barna skal kunne delta meir; Fokuset vårt vil då vere meir på prosessen enn resultatet. Nokre gongar blir det rundstykker, andre gongar gjerne lapskaus eller varmefiskekaker med tilbehør.



I tillegg får dei frukt og grønnsaker kvar dag. Melk og vatn til drikke. Barnehagen følgjer staten sine retningslinjer for sunt kosthald. Mat utover dette har barna med seg i eigen matboks (frukost og ettermiddagsmat).

I den nye rammeplanen som kom i august 2017, legg fagområdet kropp, bevegelse, mat og helse større vekt på barna si deltaking i tilbereding av måltid og kunnskap om kor maten kjem i frå. Barna har ofte tidlegare også tatt del i førebuing til måltid; Både å fasilitere til den daglege smørelunjen, men også vere med å førebu eit varmt måltid. Tema som hygiene og kva ulik mat gjer med kroppen vår vil også vere tema; Kva kan vi ete kvar dag, og kva kan vi ete av og til.

## HMS

Barnehagen har verneombod; Det vert gitt opplæring i diverse tema som kommunen arrangerer. Verneombod er og den som har eit ekstra auge på sikring av barn og personale både ute og inne. Dette vert rapportert til styrar som vurderer evt tiltak.

Vaktmester går jamnlege sjekkrunder på bygg og leikeplass. Resultatet blir rapportert til styrar og eigedomsavd. Eventuelle avvik vert umiddelbart utbedra, eller seinast før neste sjekkrunde, avhengig av kva type avvik.

Det vert gjennomført brukarundersøking kvart andre år. Resultatet vert presentert på personalmøte, i foreldremøte og i samarbeidsutvalet. På dei områda vi har forbetningspotensiale vert det i samarbeid med su lagt ein plan for kva barnehagen skal / kan gjere for å imøtekome resultatet. Barnehagen er godkjend av helsevernetaten. Det vert i tillegg gjennomført interkommunalt tilsyn kvart tredje år.

Barnehagen har førstehjelpskurs annakvart år. Neste er våren 2023

Vi gjennomgår rutinemessig planar for sikring av barn og handtering av ulike hendingar som kan skje; Risikoanalyse. Det er innarbeida gode rutiner for avvikshandtering

Barnehagen har meldeplikt til barnevernet, dersom vi har ei bekymring kring barnet.

